

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 36/2007

Møtedato: 20.6.07

Arkiv nr: S 700

S 700, Jaslangen – søknad om uthus

Ola E. Moe søker om å få føra opp eit nytt uthus på 22,5 m². Om det blir aktuelt å kom i gang att med mjølkeproduksjon på stølen vil uthuset eventuelt kunne brukast som mjølkestall.

Det gamle fjøset skal rivast fordi det er i dårleg tilstand. Ved bygging av sel i 1990 vart det frå kommunen stilt krav om at fjøset skulle fjernast fordi det vart for kort avstand mellom sel og fjøs, jf. brannforskrifta. Uthuset kan derfor ikkje førast oppatt på same staden og Moe søker derfor om eit mindre areal for utviding av stølsvollen.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: fjøs: 40m² og sel: 72m².

Garden og stølen er leigd bort i ei eining til Odd Einar Granli og han brukar stølsjordet til beite. Etter endring av stølsforskrifta er stølen å rekne for å vera i bruk.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:
Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale jf. stølsforskrifta.

Oppland fylkeskommune har gjeve følgjande uttale:

Vurdering:

Vi har mottatt bilder av bygningen som ønskes revet, samt tegninger av bygningen som ønskes oppført. Tilsendte fotografier gir et godt bilde av bygningen som søkes revet og miljøet den står i og vi har vurdert det slik at saken kan behandles uten befaring. Det går fram av bildene at fjøset har behov for vedlikehold, men at den ellers synes å være i relativt god forfatning. Vi har ikke mottatt en tilstandsvurdering av bygningen, og vil anbefale at det tas kontakt med en håndverker med erfaring innenfor antikvarisk bygningsarbeid for å få utarbeidet dette før det tas stilling til søknad om riving. Dersom tilstandsvurderingen viser at deler eller all bebyggelsen er i såpass dårlig stand at den ikke kan settes i stand vil vernemyndighetene gjerne vurdere søknaden på nytt.

Den største trusselen i stølsmiljøene er at autentisiteten blir svekket ved stadig modernisering av bygninger uten at det i tilstrekkelig grad er tatt hensyn til antikvariske verdier og tradisjonell byggeskikk, og dette har i stor grad skjedd på denne stølen.

Vi vil primært anbefale at eksisterende fjøs istandsettes og benyttes som uthus, istedenfor at det rives og erstattes med en ny bygning som ytterligere vil endre området karakter som stølsmiljø.

Ved utbedring av eksisterende bygning bør hovedprinsippet være å skifte ut minst mulig, dvs maksimal gjenbruk av materialer. Kun utskifting der det er nødvendig for å utbedre/stabilisere skader. Unngå at seterhus får preg av fritidsbebyggelse ved at de oppgraderes til ny standard.

Konklusjon:

Regionale kulturminnemyndighet vurderer det slik at området har regional og eventuelt nasjonal verneverdi som del av stølsområdene i Valdres.

Vi anbefaler at eksisterende fjøs istandsettes slik at det kan benyttes som uthus. Vi vil ikke tilrå at fjøset tillates revet for å gi plass for en ny uthusbygning.

Statskog har gjeve følgjande uttale:

Hva angår selve uthuset har Statskog ingen merknader.

Når det gjelder søknaden om utvidelse stølsvollen finner vi dette inntil videre noe mangelfullt begrunnet. Man skulle tro at man i dialog med kommunen burde kunne lykkes i å finne en tilfredstillende plassering for uthuset jmf. brannforskrifta innenfor eksisterende stølsvoll.

Denne delen av søknaden faller imidlertid inn under seterforskriftens § 6 siste ledd, hvor det blant annet står "Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn."

Vi ber følgelig om fjellstyrets uttale i dette spørsmålet.

I sak 24/07 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:
Fjellstyret utsett saka til befaring den 15. juni.

Fjellstyret såg på saka under befaring saman med Statskog og søkjar. Ein fann at eksisterande uthus var i så dårleg tilstand at det ikkje er tilrådeleg å restaurere det.

Arealet som søkjaren ynskjer i tillegg er ikkje å forstå som tilleggsjord etter § 6 i stølsforskrifta slik Statskog skriv. Mindre tillegg slik søkjaren ynskjer er ei mindre grensjustering av stølsutvisinga. Det har vore etablert ein lang praksis, etter framlegg frå Statskog, om at dette kan fjellstyret godkjenne. I aktuell sak er det spørsmål om nokre frå m² i tillegg. Slike små areal bør ikkje ha for byråkratisk saksgang og fjellstyret er ikkje innstilt på endre denne praksisen.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknad om tilleggsareal og oppføring av uthus. Vilkåret for godkjenninga er at Oppland fylkeskommune ikkje har merknader etter at dei har vurdert søknaden på nytt. Ved eventuelle slike merknader må søkjaren korrigere teikningane i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune før oversending til endeleg godkjenning i kommunen.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.6.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola E. Moe
Vestre Slidre kommune
Statskog
Oppland fylkeskommune